

Referat styremøte Besteforeldrenes Klimaaksjon 26.08.2016.

Stad: Marieboes gt. 8, Oslo.

Til stades: Laila Riksaasen Dahl, Astrid Brekken, Thelma Kraft, Halfdan Wiik, Ola Dimmen (referent).
Finn Bjørnar Lund tok del via telefon frå Nord-Norge.

Forhindra frå å møte: Sven Åke Bjørke, Toril Jensen

1. Økonomisk oversikt frå Bjørghild Des Bouvrie.
Vi tar rapporten til etterretning og vi har takkar for god, klar og oversiktig framstilling.
2. Arendalsveka.
Styret meiner BKA si deltaking under Arendalsveka var vellukka. Ein god del folk var innom standen som vi hadde saman med Naturvernforbundet i gågata, og BKA sine arrangement var stort sett godt besøkt trass i mylderet av andre aktivitetar og arrangement under veka. Vi takkar alle for ein flott innsats og for stor gjestfriheit frå BKA sine medlemmar i Arendal! Arendalsveka er ressurskrevjande for BKA så styret samtalte også om BKA si framtidige deltaking på Arendalsveka i forhold til kva utbytte organisasjonen og medlemmane har av deltakinga på Arendalsveka.
3. Årsmøtet og landsmøtet.
Styret forstår det slik at landsmøtet er heile samlinga medan årsmøtet er sjølv årsmøtet slik vedtektene definerer det.
Styret gikk gjennom alle saklige og praktiske forhold ved landsmøtet og årsmøtet. Sjå eige program på heimesida.
4. Drøfting av og idear og vidare arbeid.
Styret utveksla idear og synspunkt på det arbeidet og dei aktivitetane som er i gang i BKA og korleis organisasjonen skal markere seg framover. Dette blir også tema på landsmøtet.
5. BKA si rolle i eit evt. søksmål mot staten.
Styret drøfta tilbakemeldingar frå medlemmane og vårt forslag til vedtak i saka.
Dette forslaget er under slutføring og blir formidla til medlemmane i god tid for årsmøtet.

Dato for neste styremæte ble fastsatt til 13. oktober.